

Saksbehandlar: Ingvild Andersen, Næringsavdelinga  
 Sak nr.: 16/1608-1

## Regionale utviklingsmidlar 2016 fordeling 1

**::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓**

### Fylkesdirektøren for næring rår hovudutvalet for næring og kultur til å gjere slikt vedtak:

- 1 Kystskogbruket får tildelt 80 000 kr til oppfølging av felles fylkeskommunalt program 2016.
- 2 EM i vektløfting 2016 v/Stian Grimseth og Knut Folkestad får avslag på søknad om tilskot.
- 3 Fylkeskommunen støttar Fuzz AS med 200 000 kr i driftsstøtte i 2016.
- 4 Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane får høve til å omdisponere ei tidlegare løyving på kr 100 000. Midlane vert nytta til å dekke etableringskostnader i samband med eit preså Kornfond, og ikkje til det opprinnelege føremålet som var overtaking av einskildprosjekt frå Bedriftsnettverket.
- 5 Fjordkonferansen får tildelt 175 000 kr for perioden 2016-2019 med atterhald om at Møre og Romsdal går inn med tilsvarande støtte.
- 6 Nordfjord Vekst AS får 150 000 kroner til forprosjekt «Ringverknader av Lefdal Gruve» i 2016.
- 7 Tilskota vert finansiert slik:
  1. Tilskotet til Kystskogbruket og Fuzz AS vert dekkja med disponible midlar frå tidlegare år.
  2. Tilskotet til Fjordkonferansen vert dekkja med restmidlar frå 2015 sett av til tenestoområde 7018 kunnskap.
  3. Tilskotet til Nordfjord Vekst AS vert finansiert med disponible midlar frå budsjett 2016, tenestoområde 7012 bransjeretta satsingar – industri.

**::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑**

**... Sett inn saksutredningen under denne linja ↓**

#### Vedlegg:

1. Prosjektplan frå Nordfjord Vekst AS.

## SAKSFRAMSTILLING

1. KYSTSKOGBRUKET – SØKNAD OM MIDLAR TIL FELLES FYLKESKOMMUNALT OPPFØLGINGSPROGRAM 2016.....	2
2. EM I VEKTLØFTING.....	4
3. FUZZ – NYTT REGIONALT FILMFOND.....	5
4. KUNNSKAPSPARKEN I SOGN OG FJORDANE – OMDISPONERING AV LØYVING.....	8
5. FJORDKONFERANSEN.....	9
6. RINGVERKNADER AV LEFDAL GRUVE.....	12

## **1. KYSTSKOGBRUKET – SØKNAD OM MIDLAR TIL FELLES FYLKESKOMMUNALT OPPFØLGINGSPROGRAM 2016**

(Sakshandsamar: Ingeborg Lysne McEvoy)

### **1.1 Bakgrunn**

Kystskogbruket er eit fylkeskommunalt samarbeid som jobbar for at potensialet i skogbruket langs kysten skal realiserast. Alle kystfylka frå Finnmark i Nord til Aust- Agder i sør er med i dette samarbeidet. Kystskogbruket er eit samarbeid mellom fylkesmennene, fylkeskommunane og næringsorganisasjonen Skognæringa Kyst.

Fylkestinget i Sogn og Fjordane gjorde endeleg vedtak om å slutte seg til «Melding for kystskogbruket» i sak 20/15 i møte den 16.06.2015. Det vart vidare vedteke at fylkeskommunen vil følgje opp Kystskogmeldinga i samarbeid med dei andre deltakande fylkeskommunane.

Kystskogbruket søker om kr. 80 000 for oppfølging av fylkeskommunalt oppfølgingsprogram for 2016. Det er Nord- Trøndelag fylkeskommune som står som søker på vegne av Kystskogbruket.

#### Tidlegare vedtak:

- HPN sak 58/12: tilsegn på kr. 185 000 til oppfølging av fylkeskommunalt oppfølgingsprogram for 1. til 3. programår (2009-2010, 2011 og 2012)
- HPN sak 85/13: tilsegn på kr. 75 000 til oppfølging av fylkeskommunalt oppfølgingsprogram for 2013
- HPN sak 43/11: tilsegn på kr. 140 000 til oppfølging av fylkeskommunalt oppfølgingsprogram for 2014 og 2015
- HPN sak 7/14: Kystskogbruket fekk kr. 70 000 til infrastrukturprogrammet

Bakgrunn for programarbeidet er fylkeskommunane sitt ansvar for å følgje opp dei prioriterte skogpolitiske ansvarsområda i Melding for Kystskogbruket. Utgangspunktet for Melding om Kystskogbruket var manglande tilgang til tømmer til industrien, og det paradoksale i at kystfylka samstundes har store uutnyttede skogressursar. I løpet av meldingsarbeidet blei det avdekka mange forhold som påverka denne situasjonen, men det finst ingen raske løysingar. Meldinga sitt hovudfokus er det store potensialet knytt til næring og klima i framtida, basert på ressursane i kystskogfylka, som vi allereie i dag kan legge grunnlaget for. Tiltaksforslag knytt til moglegheitene, både for å få tak i råstoff og å produsere meir for framtida, blei prioritert høgast i 2008.

Råstofftilgangen skil skognæringa frå nær sagt all industri fordi råstoffet vert produsert i 100-års omløp samstundes som marknad og produktutvikling skal utnyttast både på kort- og mellomlang sikt. Dette gjer arbeidet komplisert på mange måtar fordi det gjerne er snakk om fleire generasjonar mellom planting og hogst.

Melding om Kystskogbruket tek opp utfordringar i skognæringa, og behov for langsiktighet og forutsigbare vilkår.

### **1.2 Vurdering og konsekvensar**

Kystskogbruket viser til følgjande kostnads- og finansieringsplan:

<b>Kostnadsplan og finansieringsplan</b>
--

**Kostnadsplan**

Tittel	SUM
Annen lønn	5 000
Arbeidsgiveravgift	66 000
Forsikringer	1 000
Frankering, frimerker, kopiering	4 000
Konsulenthonorar	40 000
Kontorhold	17 000
Lønn faste stillinger	290 000
Lønn/honorar styreleder	70 000
Møtegodtgjørelse ombud	30 000
Pensjon	51 000
Politisk nettverk, møteutgifter	80 000
Reiseutgifter	90 000
Representasjon	1 000
Tapt arbeidsfortjeneste	26 000
Tilskudd til andre	24 000
Trekkpliktig reisegodtgjøring	5 000
<b>Sum kostnad</b>	<b>800 000</b>

**Finansieringsplan**

Tittel	SUM
Finnmark fylkeskommune	80 000
Hordaland fylkeskommune	80 000
Møre og Romsdal fylkeskommune	80 000
Nordland fylkeskommune	80 000
Nord-Trøndelag fylkeskommune	80 000
Rogaland fylkeskommune	80 000
Sogn og Fjordane fylkeskommune	80 000
Sør-Trøndelag fylkeskommune	80 000
Troms fylkeskommune	80 000
Vest-Agder fylkeskommune	80 000
<b>Sum finansiering</b>	<b>800 000</b>

Sogn og Fjordane fylkeskommune har i fleire år vore med i arbeidet med Kystskogbruket og har gjennom eit politisk vedtak forplikta seg til å følgje opp samarbeidet med dei andre fylkeskommunane. Søknad om midlar var venta sidan fylkeskommunen slutta seg til Melding om Kystskogbruket i 2015 og fylkesdirektøren ser det som ei naturleg oppfølging at vi innfrir søknaden. Midlane har dei tidlegare år vorte dekkja av midlar frå utviklingsfondet, det vil det bli denne gongen også om hovudutvalet sluttar seg til fylkesdirektøren si tilråding.

**1.3 Tilråding**

Fylkesdirektør for næring rår hovudutval for næring og kultur å innfri søknaden frå Kystskogbruket og følgje opp samarbeidet med dei andre kystfylka ved å gje eit tilskot på kr. 80 000. Tilskotet vert dekkja med disponible midlar frå tidlegare år.

## 2. EM I VEKTLØFTING

(Sakshandsamar: Ingeborg Lysne Mcevoy)

### 2.1 Bakgrunn

EM i vektløfting 2016 har retta ein søknad mot utlysinga av Kulturmidlar 2016 der dei søker om 250 000 kr. til ekstra kostnader på TV- produksjon under meisterskapet. Kulturavdelinga og næringsavdelinga har samla seg om at næringsavdelinga sakshandsamar søknaden.

EM i vektløfting skal arrangerast i Førde, Sunnfjord og Sogn og Fjordane i april 2016. Teknisk arrangør er Tambarskjelvar idrettslag, saman med Førde idrettslag og andre lag i Sogn og Fjordane er dei i fellesskap vertskap for arrangementet. Det er store kostnader knytt til prosjektet og totalbudsjettet nærmar seg 16 mill.kr. Tidlegare år har kostnaden vore rundt 10 mill. kr. for eit slikt arrangement. Dei ekstra kostnadane er hovudsakleg knytt til investering i utstyr til trening og konkurranse som vil gå tilbake til arrangør/dugnadsklubbane i etterkant av meisterskapet.

Arrangementet vert finansiert ved tilskot frå idrettsorganisasjonar, offentlege tilskot, sal av suvenirar og inngangsbilletter, sponsorinntekter og annonseinntekter. Markanden for sponsormidlar har stramma seg til siste halvåret, men arrangørane har godt tru på at dei skal komme i mål.

Ein av postane som har auka i kostnad er TV- produksjonen rundt arrangementet. Det er nye krav frå dei internasjonale produsentane om lyd, lys og anna teknisk tilrettelegging som gjer at dei søker om ekstra midlar frå fylkeskommunen. Samla TV- produksjon er no om lag 2,4 mill. kr. + mva.

#### Historikk - tidlegare vedtak

EM i vektløfting søkte om 2 mill. kr. til arrangementet og fekk tildelt kr. 1 mill. kr. frå INU- FSF styret den 28.09.2015. I tillegg vart det tildelt kr. 500 000 av midlar sett av til reiselivssatsinga til arrangementet. Fylkeskommunen har støtta søknaden med til saman kr. 1,5 mill.

### 2.2 Vurdering og konsekvensar

EM i vektløfting er eit arrangement som kan gje gode ringverknadar for Sunnfjord, Sogn og Fjordane og heile Vestlandet. Arrangementet har ein høg marknadsføringsverdi og vil truleg gje ringverknadar for reiseliv og anna næringsliv både under arrangementet og i ettertid. Det er estimert at TV sendingane vil nå ut til 33 millionar sjåarar. Under arrangementet vil overnattingar resultere i 6-7000 gjestedøgn og det vil vere behov for transporterung av folk til og frå under meisterskapet.

Eit arrangement av ein slik størrelse vil sjølvsagt vere positivt for næringsliv og omdømebygging av Sunnfjord og Sogn og Fjordane. Fylkeskommunen har allereie tildelt arrangementet 1,5 mill. kr. og ser ikkje at vi kan gå inn med ytterligare 250 000 kr.

### 2.3 Tilråding

Arrangementet vil vere positivt for Sunnfjord og fylket elles, men fylkeskommunen har allereie støtta prosjektet med store midlar. Fylkesdirektøren for næring rår hovudutval for næring og kultur til å gje søknaden frå EM i vektløfting 2016 avslag.

### 3. FUZZ – NYTT REGIONALT FILMFOND

(Sakshandsamar: Ingvild Andersen)

#### 3.1 Bakgrunn

Fuzz AS søker Sogn og Fjordane fylkeskommune om eit årleg driftstilskot på 200 000 kr i tre år frå 2016-2018.

Sogn og Fjordane fylkeskommune har tidlegare gitt slik driftsstøtte til filmselskap i fylket (tall i heile tusen):

	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016	Sum
Vestnorsk filmsenter	300	300	300	300	300	300			1800
Vestnorsk filmkommisjon	300	300	300	300	300	300	200	300	2300
Fuzz AS				200	200	200	100		700
<b>Sum</b>	600	600	600	800	800	800	300	300	4800

#### 3.2 Nærare omtale

Fuzz AS er eit regionalt filmfond eigd av Bergen kommune, som finansierer drifta av selskapet saman med Hordaland, Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane (sistnemnte sidan 2012). Fuzz investerer offentlege og private midlar i film-, tv-, og dataspelproduksjonar på Vestlandet. No vil Fuzz danne grunnmuren i eit nytt, samla regionalt filmfond for heile Vestlandet og Sørlandet, truleg under nytt namn.

Kulturdepartementets filmmelding Meld. St. 30 (2014-2015) varslar endringar frå og med 2016 som påverkar dei regionale filmfonda:

- 1) Prøveordninga med statstilskot til regionale fond vert avslutta. Berre to eller tre fond vil få tilskot frå 2016, viss dei har slått seg saman med andre fond eller nye fylker. Til gjengjeld doblar staten støtta til dei nye fonda.
- 2) Det vert etablert ei insentivordning for internasjonale produksjonar i Noreg. Tilskot frå insentivordninga kan ikkje kombinerast med midlar frå Norsk filminstitutt, men derimot med midlar frå regionale filmfond som Fuzz.
- 3) Norsk filminstitutt etablerer kontor i Bergen, som det første utanfor Oslo. Kontoret skal forvalte insentivordninga.

Fuzz ynskjer å inngå samarbeidsavtalar med syv fylker:

Fylke	Sogn og Fjordane	Hordaland	Rogaland	Møre og Romsdal
Status	Søknad vert handsama no	Søknad vert handsama no	Er i forhandling med Filmkraft Rogaland om fusjon	Har sidan 2014 gitt fast driftstilskot til Fuzz
Fylke	Telemark	Vest-Agder	Aust-Agder	
Status	Har gjort vedtak om å inngå samarbeidsavtale med Fuzz frå 2016	Har gjort vedtak om å inngå samarbeidsavtale med Fuzz frå 2016	Har gjort vedtak om å inngå samarbeidsavtale med Fuzz frå 2016	

Den nye tilskotsordninga består av eit grunntilskot og eit aktivitetsbasert tilskot. Grunntilskotet vert fastsete etter kor mange fylker som samarbeider i eit felles regionalt filmfond. Gjennom å inngå samarbeid med både Rogaland og Sørlandet, reknar Fuzz med å bli eitt av dei fonda som mottar statlege midlar, i storleiksorden 9 til 10 millionar kroner.

Dersom fylkeskommunen aksepterer ein samarbeidsavtale, vil Fuzz:

- Sørge for at dei prosjekta som Fuzz finansierer i størst mogleg grad nyttar lokale ressursar og innspelingsstader, og slik skape økt omsetnad og profilere Sogn og Fjordane.
- Være ein pådrivar for å løfte film-, tv- og dataspillbransjen i Sogn og Fjordane.
- Gi råd til fylkeskommunen om aktuelle audiovisuelle prosjekter og filmpolitiske spørsmål.

Fuzz ventar også at den nye insentivordninga vil medføre at selskapet får fleire førespurnader om finansiering frå utanlandske produsentar.

#### Prosjekt mål

Fuzz vil løfte produksjonsmiljøet i Sogn og Fjordane ytterlegare, saman med Vestnorsk filmsenter og Vestnorsk filmkommisjon (og tidvis andre verksemder med liknande føremål).

Ønska resultat er å realisere fleire filmar, seriar og dataspill med tilknytning til Sogn og Fjordane.

Effekten av samarbeidet kan vere auka omsetnad og aktivitet for mellom anna handelsnæringa og reiselivsbransjen. I løpet av samarbeidsavtala med Fuzz frå 2012-2014 har det vert innspelt fleire filmar i fylket. Til dømes filmene «Villmark» (Luster) og «Hevn» (Fjærland) og Tv-serien «Frikjent» (Årdal/Lærdal). Produksjonar i Sogn og Fjordane kan fremje fylkets kultur, natur og reisemål.

### 3.3 Kostnads- og finansieringsplan

#### Kostnadsplan

Tittel	2016	2017	2018	2019	2020	Sum
Andre kostnader	1 048 057					1 048 057
Avsetningar for framtidige forpliktingar	3 017					3 017
Personalkostnader	2 533 926					2 533 926
<b>Sum kostnader</b>	<b>3 585 000</b>					<b>3 585 000</b>

#### Finansieringsplan

Tittel	2016	2017	2018	2019	2020	Sum
Andre inntekter, inkl. avkastning	419 000					419 000
Bergen kommune	900 000					900 000
Finansinntekter	38 000					38 000
Hordaland fylkeskommune	900 000					900 000
Møre og Romsdal fylkeskommune	428 000					428 000
Sogn og Fjordane fylkeskommune	200 000					200 000
Telemark, Aust- og Vest-Agder, Kristiansand, Arendal	700 000					700 000
<b>Sum finansiering</b>	<b>3 585 000</b>					<b>3 585 000</b>

#### Kommentarar:

- Statlege midlar frå Kulturdepartementet vert ikkje nytta som driftsmidlar, men til å dekkje film-, tv- og dataspillprosjekter i sin heilskap, og er ikkje med her.
- Investormidlar i det indre fondet vert ført i eget rekneskap for fondskapitalen.
- Driftsinntekter og kostnader for Rogaland vert heldt utanfor dette driftsbudsjettet då avtalen ennå ikkje er ferdig forhandla.

### 3.4 Vurdering

Produksjonar som Tv-seriar, film, dokumentarar og liknande skapar direkte verdier i form av handel, omsetnad og aktivitet på den fysiske staden. Sluttproduktet vert ein god ambassadør for staden i etterkant av produksjon. Det kan bidra til å fremme kultur, natur og reisemål i fylket. Tidlegare produksjonar har vist at tal gjestedøgn aukar, samtidig som produksjonane legg igjen store summar i fylket. Sogn og Fjordane får betydeleg att i høve til storleiken på bidraget.

Vestlandsrådetts filmmelding peikar på Vestlandet som det andre tyngdepunktet i norsk film, og eit viktig alternativt filmmiljø til Austlandsområdet. I filmmeldinga står det: «Om ein starta med blanke ark, ville truleg eit samla regionalt filmfond for heile Vestlandet vere å føretrekkje», og «At Vestlandet har ein kraftfull filmbransje er såleis og grunnleggande for filmutviklinga i Noreg». Eit samla filmfond for Vest- og Sørlandet vil styrke posisjonen til fondet i forhandlingar med norske og internasjonale produsentar som vurderer å flytte filmprosjekta sine hit. At Telemark, Aust-Agder, Vest-Agder og Møre og Romsdal har valt å inngå samarbeidsavtaler med Fuzz er teikn på at Sør- og Vestlandsfylka kan stå sterkare saman og at samarbeidet vil kome alle fylka til gode.

Det er mange gode grunnar til å støtte filmsatsinga på Vestlandet. Til tross for dette må fylkeskommunen i åra framover ta stilling til ein økonomi som er meir pressa enn tidlegare. Dette betyr at fleire tiltak ikkje vil få støtte, sjølv om dei er gode. Å inngå ein samarbeidsavtale som binder midlar for fleire år er derfor vanskeleg, men det er ynskjeleg å gje driftsstøtte i 2016.

### 3.5 Tilråding

Fylkeskommunen støtter Fuzz AS med 200 000 kr i driftsstøtte i 2016. Tilskotet vert dekket med disponible midlar frå tidlegare år.

## **4. KUNNSKAPSPARKEN I SOGN OG FJORDANE – OMDISPONERING AV LØYVING**

(Sakshandsamar: Endre Høgalmen)

### **4.1 Bakgrunn**

Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane fekk i 2014 eit tilskot på kr 100 000 for å overta oppfølginga av ein skilde prosjekt frå Bedriftsnettverket. Det er ikkje lenger aktuelt å nytte midlar til dette føremålet, og Kunnskapsparken søker no om å omdisponere denne løyvinga til arbeidet med å få til eit preså Kornfond.

### **4.2 Nærare omtale**

Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane og Sparebanken Sogn og Fjordane etablerer eit preså Kornfond som skal gå inn med eigenkapital i bedrifter i ei tidleg fase. Fylkeskommunen har også ytt midlar til dette fondet. Det er ein del kostnader i samband med etablering. Dette femnar om alt frå eigen arbeidsinnsats til reiser og kjøp av tenester hjå eksterne leverandørar. Det vert vurdert korleis andre fond har vorte etablerte, og det vert utarbeidd vedtekter, skipingsdokument og investeringsstrategi.

Kunnskapsparken søker om at den tidlegare løyvinga på kr 100 000 vert omdisponert til å dekke etableringskostnader i samband med preså Kornfondet.

Når det gjeld den opprinnelege løyvinga for å overta oppfølging av ein skilde prosjekt frå Bedriftsnettverket så er dette ikkje lenger aktuelt fordi fleire av prosjekta ikkje lenger er aktuelle, medan andre prosjekt er vidareførte i ei anna form.

### **4.3 Vurderingar**

Etableringskostnader i samband med preså Kornfondet kan alternativt dekkast med midlar som fylkeskommunen og andre har sett av til dette fondet. Men dersom etableringskostnadane kan dekkast på anna vis vert det desto meir att til å bruke til risikokapital i bedriftene. Fylkesdirektøren vil derfor tilrå den den omsøkte omdisponeringa.

### **4.4 Tilråding**

Kunnskapsparken i Sogn og Fjordane får høve til å omdisponere ei tidlegare gjeva løyving på kr 100 000. Midlane vert nytta til å dekke etableringskostnader i samband med eit preså Kornfond, og ikkje til det opprinnelege føremålet som var overtaking av ein skild prosjekt frå Bedriftsnettverket.

## 5. FJORDKONFERANSEN

(Sakshandsamar: Birte Tuxen Bø)

### 5.1 Bakgrunn

Stiftelsen Fjordkonferansen søker om kr. 175 000 i støtte for perioden 2016-2019.

Historikk:

I 2012 fekk Fjordkonferansen eit tilskot på kr. 100 000 frå Sogn og Fjordane fylkeskommune.

### 5.2 Nærare omtale

Stiftinga Fjordkonferansen er organisert som eit prosjekt i Stiftelsen for etterutdanning og vitenformidling, c/o Høgskolen i Ålesund. Opprinneleg var det eit prøveprosjekt i to år.

Fokuset for Fjordkonferansen er fagleg utvikling med mottoet «av fagfolk for fagfolk», der hovudmålet er å bidra til ein auke i publiseringar av vitskaplege artiklar frå Sogn og Fjordane/Møre og Romsdal («Fjordregionen»). Dette skal føre til fleire doktorgrader ved institusjonane.

Styret i stiftelsen består av representantar frå ulike vitskaplege miljø i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal. Styret har per dags dato følgjande samansetning:

- Øyvind Helgesen (leiar), Høgskolen i Ålesund
- Jon Gunnar Nesse (nestleiar), Høgskolen i Sogn og Fjordane
- Jørgen Amdam, Høgskolen i Volda
- Solfrid Vatne, Høgskolen i Molde
- Harald M. Hjelle, Høgskolen i Molde
- Eirik Nessler, Høgskolen i Ålesund
- Lars J. Halvorsen, Møreforskning Volda
- Øivind Heimset Larsen, Vestlandsforskning

Støtta Fjordkonferansen fekk frå fylkeskommunen i 2012 vart nytta til å utvikle ein samlingsplass (konferansar m.m.) for fagmiljøa i Fjordregionen. Møtestaden skal gje grunnlag for utveksling av erfaringar og idear mellom einingar og institusjonar for å kunne ha positiv effekt på publisering, fagleg utvikling og samarbeid mellom fagfolk frå ulike institusjonar og mellom institusjonane.

I tillegg til innleiingskonferansen i 2012 er det gjennomført tre konferansar med følgjande tema:

- 2013: Kvalitet
- 2014: Regional utvikling
- 2015: Innovasjon

På dei tre siste konferansane har det vore 260 deltakarar totalt sett.

Til konferansane vert det utarbeidd artiklar som vert presentert og drøfta av fagfeller for vidare arbeid. Godkjente artiklar kan kome med i ein antologi (Fjordantologien). Publiseringa er eit «lågterskel-tilbod» der «nye» forfattarar kan arbeide med meir røynde forfattarar (råd og rettleiing). Til no er to antologiar publisert, 2013 og 2014. I 2013-antologien er det 17 vitskaplege artiklar der eitt bidrag er frå Sogn og Fjordane og i 2014-antologien er det 16 artiklar og to bidrag er frå Sogn og Fjordane.

På konferansen i juni i 2015 var det dobbelt så mange artiklar som på dei to første konferansane, og det var heile 18 innlegg frå Sogn og Fjordane (Høgskulen i Song og Fjordane, Helse Førde). Dette utgjorde 30 % av talet på presentasjonar av «paper», og indikerer at talet på bidrag frå Sogn og Fjordane kjem til å auke i komande antologi (ligg an til å verte to antologiar basert på artiklar frå Fjordkonferansen 2015). Presenterte artiklar vert sendt inn til endeleg godkjenning (skjer i starten av 2016), etter å ha blitt revjua og arbeidt med hausten 2015. Publikasjonsarbeidet er lagt opp som ein syklus over 2 år, derfor opererer søkjar med ein tidshorisont på 2016-2019. Alle artiklane vil verte tilgjengeleg på nettet, også dei to første antologiane.

Fjordkonferansen 2016 skal etter planen arrangerast i juni. Høgskulen i Sogn og Fjordane har ansvaret for konferansen og temaet er «Immateriell kapital». For Fjordkonferansen 2016 er det etablert ei arbeidsgruppe med seks medlem:

- Jon Gunnar Nesse (leiar)
- Eli Bjørhusdal
- Tone Skjerdal
- John Roger Andersen

- Leif Longvanes
- Torbjørn Årethun

Frå kommande konferanse er det lagt opp til at alle deltakarane må betale fullt ut for opphaldet (hotell), slik at det som skal dekkast av Fjordkonferansen utgjer ein mindre sum (foredragshaldarar, inviterte etc.). Fjordkonferansen skal framleis dekke kostnadane for antologien inkl. revjukostnadar der ein må leige inn hjelp, samt sjølve programkostnadane for arrangementet.

### 5.3 Økonomi

Resultatbudsjett	2016	2017	2018	2019	Summer
<b>Inntekter</b>					
Bidrag fra Sparebanken Møre	300 000	150 000	150 000	100 000	700 000
Bidrag fra Møre og Romsdal fylkeskommune	50 000	50 000	50 000	25 000	175 000
Bidrag fra Sogn og Fjordane fylkeskommune	50 000	50 000	50 000	25 000	175 000
Bidrag fra høgskolene/initiativtakerne	180 000	120 000	120 000	120 000	540 000
Andre bidrag					
<b>Sum inntekter</b>	<b>580 000</b>	<b>370 000</b>	<b>370 000</b>	<b>270 000</b>	<b>1 590 000</b>
<b>Kostnader</b>					
Kostnader foredragsholdere	40 000	40 000	40 000	-	120 000
Kostnader arrangement	40 000	40 000	40 000	-	120 000
Kostnader revjuere	40 000	30 000	30 000	30 000	130 000
Kostnader antologi	400 000	200 000	200 000	200 000	1 000 000
Regnskap og revisjon	20 000	20 000	20 000	20 000	80 000
Diverse kostnader	40 000	40 000	40 000	30 000	150 000
<b>Sum kostnader</b>	<b>580 000</b>	<b>370 000</b>	<b>370 000</b>	<b>280 000</b>	<b>1 600 000</b>
Renteinntekter	2 000	2 000	2 000	2 000	8 000
<b>Årsresultat</b>	<b>2 000</b>	<b>2 000</b>	<b>2 000</b>	<b>-8 000</b>	<b>-2 000</b>

I oppstillinga ovanfor er det tatt med tre konferansar (2016, 2017 og 2018) og fem antologiar (to basert på 2015-konferansen, og ein for kvar av dei tre kommande konferansane).

Ei eventuell støtte frå fylkeskommunen utgjer 11 % av totalbudsjettet.

### 5.4 Vurdering

Opprinneleg var Fjordkonferansen eit prøveprosjekt på to år. I dag har konferansen vorte ein etablert samlingsplass for utdanningsinstitusjonane i fjordregionen, med over 260 deltakarar dei siste tre åra.

Endringar innanfor organiseringa av høgare utdanning og FoU-organisasjonar aukar behovet for ein akademisk samlingsplass, og det er såleis positivt at vi har ein samlingsstad som Fjordkonferansen, for utveksling av kunnskap, erfaringar og nettverksbygging mellom fagmiljøa i regionen.

Fleire artiklar vil kunne gje auka kvalitet på institusjonane ved at dei kan tilby fleire og betre studium, og studia i seg sjølv vil kunne få fleire søkjarar. Samtidig er det ikkje berre «fleire artiklar» stiftelsen Fjordkonferansen søker å få til, men også kvalitet i desse ved å dra nytte av kvarandre sine erfaringar og idear.

Fylkesdirektøren meiner at utdanningsinstitusjonane lokalisert i fjordregionen er viktige samfunnsutviklarar, og studentane er ein av dei viktigaste ressursane fylket har å ta av på sikt. Ein samlingsplass som Fjordkonferansen kan derfor vere avgjerande for den akademiske utviklinga i fylket.

Ein auke i publiseringsaktiviteten vil føre til styrka fagmiljø gjennom fleire doktorgrader.

### 5.5 Tilråding

Fylkesdirektøren for næring råar hovudutvalet for næring og kultur til å støtte Fjordkonferansen med kr. 175 000 for perioden 2016-2019. Eit vilkår for støtta er at Møre og Romsdal fylkeskommune går inn med tilsvarande støtte. Tilskotet vert dekkja med restmidlar frå 2015 sett av til tenesteområde 7018 kunnskap.

## 6. RINGVERKNADER AV LEFDAL GRUVE

(Sakshandsamar: Ingvild Andersen)

### 6.1 Bakgrunn

Nordfjord Vekst, det regionale næringssselskapet for kommunane Vågsøy, Selje og Eid, søker Sogn og Fjordane fylkeskommune om 150 000 kr i tilskot til å gjennomføre eit forprosjekt der dei vil sjå på ringverknader av utbygginga av Lefdal Mine Datacenter AS som kan bidra til økt næringsaktivitet og sysselsetting.

### 6.2 Nærare omtale

Lefdal Gruve vart lagt ned i 2009. Like etter oppstod ideen om å etablere eit grønt datasenter i gruva. Lefdal Mine Datacenter AS vart etablert i 2014. Datasenteret ligg gunstig til i forhold til tilgang på straum frå fornybar energi, det er tilgjengeleg areal i gruvane og ein har tilgang på kjølevatn frå fjorden. Utbygging av første byggetrinn er i gang og søkjar reknar det klar for drift innan august 2016. Fullt utbygd vil datasenteret verte eit av dei største i Europa. Nordfjord Vekst skal ikkje involvere seg i utbygginga av Lefdal Mine Datacenter, men ønskjer å sjå på ringverknadene av utbygginga.

Nordfjord Vekst AS skal arbeide for vekst og auka lønsemd i eksisterande næringsliv og ved nyetableringar i dei tre kommunane Vågsøy, Selje og Eid. Selskapet er eigd 50% av dei tre kommunane og 50% av næringslivet i regionen. Med forprosjektet ønskjer selskapet å sjå på tre satsingsområder som kan bidra til auka næringsaktivitet og sysselsetting som følgje av utbygginga av datasenteret.

Forprosjektet er ein vidareføring av ein forstudie, der dei i samarbeid med Lefdal Gruve definerte tre satsingsområder for forprosjektet:

1. Forprosjektet for Lefdal Mine Datacenter skal bidra til knoppskyting, gjennom å etablere felles arena for IKT, automasjon og elektro i Nordfjord
2. Forprosjektet skal i samarbeid med Lefdal Mine Datacenter kartleggje moglegheitsrom for utnytting av restvarme frå kjølinga av datasenteret
3. Forprosjektet skal bidra til å styrke utdanningstilbodet innafor relevante fagfelt ved vidaregåande skuler i regionen, samt arbeide for å etablere tilbod om høgare utdanning

Forprosjektet varer frå januar 2016 til april 2017. Forprosjektet omfattar ein grundig gjennomgang av satsingsområda og skal også resultere i ein prosjektplan for hovudprosjektet.

Målgruppa er det eksisterande næringslivet innafor IKT, automasjon og elektro i regionen, i tillegg til potensielle nyetableringar i tilknytning til Lefdal Mine Datacenter.

Resultatet og effekten er at prosjektet skal bidra til økt næringsaktivitet og sysselsetting.

Nordfjord Vekst, med dagleg leiar Randi Humborstad, er prosjektansvarleg. Prosjektleiar er Kristian Todal, som er fast tilsett i Nordfjord Vekst.

### 6.3 Kostnads- og finansieringsplan

Kostnadsplan

Budsjettpost	2016	2017	2018	2019	2020	Sum
Diverse	15 000	5 000				20 000
Konferansar og arrangement	35 000	5 000				40 000
Prosjektkostnader	260 000	60 000				320 000
Reise og møteutgifter	15 000	5 000				20 000
Sum kostnader	325 000	75 000				400 000

## Finansieringsplan

Finansieringspost	2016	2017	2018	2019	2020	Sum
Tilskot til nærings- og samfunnsutvikling 2016	150 000					150 000
Tilskot frå Nordfjord Vekst	175 000	75 000				250 000
Sum finansiering	325 000	75 000				400 000

Finansieringsplana tilseier at 37,5 % av totalbudsjettet vert dekkja med midlar frå fylkeskommunen. Dei resterande kostnadane vert finansiert med dei regulære driftsmidlane til Nordfjord Vekst, altså ikkje med midlar frå kommunalt næringsfond.

#### 6.4 Vurdering

Prosjektleiari har formulert ein detaljert prosjektorganisering med framdriftsplan etter PLP-metoden. Prosjektet er i tråd med Nordfjord Vekst sin visjon om å bidra til utvikling som skapar konkurransekraft for næringslivet i regionen.

Tilskot frå fylkeskommunen skal tildelast prosjekt som kan styrke og vidareutvikle næringslivet og den regionale arbeidsmarknaden, og som gjer at regionar og lokalsamfunn vert meir attraktive å bu i og flytte til. Tilskot skal ha utløyssande effekt.

##### Satsingsområde 1 Knoppskyting

Ein felles arena for IKT, automasjon og elektro foreinar miljøa i Nordfjord tverrfagleg og kan bringe nye idear fram i lyset. Nordfjord Vekst peikar også på kompetanseheving hjå eksisterande tilsette som eit viktig resultat, ettersom rekruttering av nye medarbeidarar er utfordrande for regionen.

##### Satsingsområde 2 Restvarme

Per i dag føreligg få planar for utnytting av restvarme frå anlegget. Mengda vatn og temperatur er heller ikkje avklart, men det vil truleg auke i takt med utbygginga. Utnyttinga kan mellom anna vere produksjon av biomasse, tørking av produkt eller lokal oppvarming. Nordfjord Vekst er i kontakt med Møre og Romsdal fylkeskommune som har arbeidd med utnytting av spillvarme frå eit anlegg på Nyhamna på Aukra.

##### Satsingsområde 3 Utdanningstilbodet

Eit godt utdanningstilbod innafor IKT, automasjon og elektro i den vidaregåande skulen i Nordfjord bidrar til å gjere regionen konkurransedyktig innafor desse studieretningane. Nordfjord Vekst ønskjer å fokusere på utdanning og moglegheita for å etablere eit tilbod om høgare utdanning i Nordfjord. Godt utdanningstilbod er ein faktor som gjer regionar attraktive å bu i og flytte til.

Etablering av Lefdal Mine Datacenter er eit prosjekt som har høsta mykje begeistring. Prosjektet har tiltrukket seg internasjonale aktørar som IBM og Rittal, og er eit godt eksempel på at Noreg er attraktivt for ledande globale aktørar. Når Nordfjord Vekst ønskjer å sjå på ringverknader av utbygginga av Lefdal Mine Datacenter er dette eit aktuelt prosjekt både fordi prosjektet oppfyller krava for tildeling av tilskot, og fordi prosjektet er i tråd med selskapets visjon og verdiar.

Det er positivt at Nordfjord Vekst tek ansvar for å sjå på moglegheiter for meirverdi og ringverknader frå utbygginga av Lefdal Gruve. Nordfjord Vekst kan vere rett aktør for rolla, i og med at næringssselskapet har regionen Nordfjord som nedslagsfelt og jobbar for auka utvikling og vekst. Selskapet har eit stort nettverk og kjenner næringslivet godt. Forprosjektet er stort, og det er viktig at prosjektleiari hentar inn manglande kompetanse i styringsgruppa som skal etablerast.

Nordfjord Vekst mottar midlar til kommunale næringsfond frå fylkeskommunen. Forprosjektet det vert søkt om pengar til no skal ikkje finansierast med midlar frå dette fondet. Problematikken om samfinansiering vert derfor ikkje påverka.

#### 6.5 Tilråding

Nordfjord Vekst AS får 150 000 kroner til forprosjekt «Ringverknader av Lefdal Gruve» i 2016. Tilskotet vert dekt med disponible midlar frå budsjett 2016, tenesteområde 7012 bransjeretta satsingar – industri.

Vedlegg: Prosjektplan frå Nordfjord Vekst AS.

... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑